

Som sekretær og kasserer fungerer fremdeles landbrukskjemiker O. Braadlie.

Etter årsmøtet holdt forsøksleder H. Hagerup et meget interessant foredrag: «Streif over forsøksresultater på myrjord». Dessuten ble filmen om brenntorvproduksjonen tatt opp av Det norske myrselskap vist fram.

*Sekretæren.*

## LØV OM VERN MOT JORDØYDELEGGING.<sup>1)</sup>

§ 1. Når nokon nyttar ut myr til brenntorv, torv, torvstrøy eller anna teknisk føremål og til moldtak til gjødselblanding eller jordforbetring, skal han alltid la det liggja att eit torv- eller jordlag på minst

|        |     |              |    |      |       |     |                     |
|--------|-----|--------------|----|------|-------|-----|---------------------|
| 0,50 m | når | undergrunnen | er | leir | eller | fin | sand,               |
| 0,75 m | »   | »            | »  | »    | »     | »   | » grov sand,        |
| 1,00 m | »   | »            | »  | »    | »     | »   | » grus eller stein, |
| 1,50 m | »   | »            | »  | »    | »     | »   | » fjell.            |

Minstemåla skal reknast frå overflata til undergrunnen etter at torvgrava er jamna til.

Minstemåla gjeld når myra høver til oppdyrking til vanleg åker eller eng. Høver ikkje myra til fulldyrking kan minstemåla minkast med ein tredjepart dersom jordstyret samtykkjer.

§ 2. Når myra er avtorva, skal torvgrava jamnast til, og likeins vatnet veitast bort så framt kostnaden med det er rimeleg samanlikna med vinninga.

Når ikkje anna er avtala eller går fram av samanhengen, må bruksretthavaren syta for at grava vert jamna til, men grunneigaren for at vatnet vert veita bort.

Er de bruksretthavaren som har plikt til utjamning eller utveiting, og det ikkje er fastset nokon frist for arbeidet, kan jordstyret etter krav frå grunneigaren setja ei høveleg frist. Blir arbeidet ikkje gjort til fastsett tid, kan grunneigaren gå fram etter reglane i lova om freding av jord frå 16. mai 1860.

§ 3. Ingen må brenna lyng for å få betre beite utan etter løyve frå jordstyret og på dei vilkår dette fastset. Lyngbenning på ufrosen mark må jordstyret ikkje gjeva løyve til utan i reine unnantakshøve.

§ 4. Lyngriving til brenne er forbode på så grunnlendte stader at fjell- eller steingrunn vert liggjande i dagen etter slik riving.

---

<sup>1)</sup> Vi gjengir her den av Stortinget pr. 5. mars i år vedtatte jordvernlov. Loven som ble stadfestet av Kongen den 18. mars, er ved kgl. resolusjon av 31. mars gjort gjeldende fra sistnevnte dato. Loven er tatt inn i «Norsk Lovtidend» nr. 11, 1949.

§ 5. Meiner ein bruksretthaver at føresegnene i lova fører med seg at retten hans vert minka urimeleg mykje, kan han ha spørsmålet om brigde i brukstilhøva inn for utskiftingsretten. Meiner retten at kravet er rettkome, kan han skipa om brukstilhøva så dei vert så tenlege som råd er for båe partar. Såleis kan retten flytta bruksretten heilt ut eller i nokon mon til ein annan stad på eige-  
domen. Er det uråd å skipa om brukstilhøva, kan retten fastsetja at grunneigaren skal svara bruksretthavaren eit vederlag i pengar, men summen må ikkje vera over det grunneigaren vinn på at bruksretten minkar.

For slik sak gjeld reglane i utskiftingslova så langt dei høver.

§ 6. For Finnmark fylke gjeld denne lova så langt ho ikkje står i strid med lov frå 3. august 1897 om torvskur på statens grunn i Finnmark og føresegner gjevne med heimel i nemnde lov.

§ 7. Vedkomande departement kan fastsetja kven som skal ha tilsyn med at lova vert fylgd.

Departementet kan gjera unntak frå lova.

Likeins kan departementet gjeva nærare føresegner om korleis lova skal gjennomførast.

§ 8. Bryt nokon føresegner gjevne i eller med heimel i denne lova, vert han straffa med bot.

§ 9. Kongen fastset kva tid denne lova skal taka til å gjelda.

---

## BRENNTORVPRODUKSJONEN I DANMARK, SVERIGE OG FINNLAND I 1948.

Fjorårets produksjon av brenntorv i våre naboland utgjorde ifølgje foreliggende oppgaver:

**Danmark:** Den samlede produksjon av torvbrensel i 1948, herunder fresetorv til fremstilling av formbrensel og torvbriketter, var ca. 3,6 mill. tonn. Dette betegner en tilbakegang på ca. 30 % fra 1947, da produksjonen av torvbrensel var ca. 5,1 mill. tonn.

**Sverige:** Her ble det i 1948 produsert henimot 500.000 tonn torvbrensel, herav ca. 4/5 maskintorv og 1/5 fresetorv. Dette er noe mer fresetorv enn i 1947, mens maskintorvproduksjonen har holdt seg på noenlunde samme nivå som foregående år, nemlig ca. 400.000 tonn. Av stikktorv produseres det meget lite for tiden i Sverige.

**Finnland:** Fjorårets brenntorvproduksjon beløp seg til minst 250.000 tonn ifølgje de tilgjengelige oppgaver. Herav utgjør maskintorv ca. 230.000 tonn. Resten eller ca. 20.000 tonn er stikktorv. Vår kilde oppgir at stikktorvproduksjonen for husbehov sikkert er betydelig større, men det er der — som her — vanskelig å få fullstendige oppgaver fra samtlige stikktorvprodusenter. Størrelsen av fjorårets produksjon ligger noe over 1947-års produksjonsresultat som utgjorde ca. 225.000 tonn.

*Aa. L.*